



Sakshandsamar: Olav Fykse Tveit

Referanser:
MKR 28/05

Saksdokument

Utkast til endringar av statuttene for Mellomkirkelig råd (vedlagt – kun til orientering)

Endringar i Dei sentralkyrkjelege råds samansetjing (KM)

Bakgrunn

Mellomkyrkjeleg råd (MKR) har på sitt møte i Stavanger 27.05. drøfta den framtidige samansetjinga av rådet og den strukturelle relasjonen mellom MKR og Kyrkjerådet (KR), med tanke på oppnemninga av nytt MKR hausten 2006. Det skjer på grunnlag av eit framlegg frå sekretariatet som igjen bygde på innspel frå arbeidsutvalet og leiar i MKR, Ingrid Vad Nilsen. På bakgrunn av desse samtalane og ein oppfølgjande samtale i MKR/AU 23.08. legg generalsekretæren no fram sitt framlegg og grunngjeving for endringar i organiseringa av MKR i relasjon til KR. Desse forslaga er også drøfta med og har fått tilslutning hjå leiaren i KR og Samisk kyrkjeråd (SKR), samt med leiargruppa i Dei sentralkyrkjelege råda. Ein viser også til bakgrunnsstoff som var sendt ut som sakspapir til sak MKR 28/05.

Samanfatning av sak

Det vert i dette saksdokumentet drøfta ei ny samansetjing av MKR og ein ny måte å kople Mellomkyrkjeleg råd og Kyrkjerådet på. Det vert foreslått ei forenkling i samansetjinga av MKR og ei styrking av koplinga til Kyrkjerådet gjennom at leiaren i MKR vert medlem av KR.

Framlegg til vedtak:

1. Mellomkyrkjeleg råd vil foreslå endringar i samansetjinga av Mellomkyrkjeleg råd og i relasjonane mellom råda. Målet er
 - å forenkle rådsstrukturen og tydleggjere dei ulike råda sin eigenart,
 - å skjerpe MKR sin profil som eit fagorgan for økumeniske og internasjonale spørsmål, som tek hand om og gjev råd i saker innan dette feltet til alle organ i kyrkja (KM, BM, KR, SKR, BDR, sokneråd/fellesråd, samarbeidande organisasjonar og instansar)

- å bidra til at perspektiva som kjem frå MKR sitt arbeidsfelt endå tydlegare kan gjerast gjeldande i heile rådsstrukturen,
 - å styrke KR som det ansvarlege, demokratiske og sentrale styringsorganet i Den norske kyrkja, med overordna ansvar også for at det er lagt til rette for det økumeniske og internasjonale arbeidet i Den norske kyrkja.
2. Mellomkyrkjeleg råd foreslår for Kyrkjerådet å få Kyrkjemøtet si tilslutning til at leiaren i MKR og leiaren i SKR skal vere medlemer i Kyrkjerådet, og at nødvendige lovendringar vert gjennomførte.
 3. Mellomkyrkjeleg råd ber sekretariatet om å foreta dei nødvendige endringar i Statuttane for MKR for å gjennomføre pkt 2. samt ei forenkling av samansetjinga av rådet. MKR delegerer til MKR/AU å behandle og godkjenne det endelege forslaget til nye statuttar.
 4. Mellomkyrkjeleg råd ber Kyrkjerådet å invitere Kyrkjemøtet til å gjere dei nødvendige vedtaka for å kunne gjennomføre dei endringane som er foreslått i pkt 3.

Saksorientering

1. Formålet med endringar

Formålet med forslaga må vere at Mellomkyrkjeleg råd får styrka si evne til å fylle mandatet sitt, og at ein totalt sett vil oppnå meir slagkraft i den sentralkyrkjelege strukturen. Eventuelle framlegg til endringar inneber ikkje at MKR er ute av stand til å fylle mandatet no, men må vere grunngjeve i at ein kan oppnå meir med andre løysingar. Det gjeld difor i denne omgang

- å forenkle rådsstrukturen og tydleggjere dei ulike råda sin eigenart,
- å styrke MKR sin profil som eit fagorgan for økumeniske og internasjonale spørsmål, som tek hand om og gjev råd i saker innan dette feltet til alle organ i kyrkja (KM, BM, KR, SKR, BDR, sokneråd/fellesråd, samarbeidande organisasjoner og instansar)
- å bidra til at perspektiva som kjem frå MKR sitt arbeidsfelt endå tydlegare kan gjerast gjeldande i heile rådsstrukturen,
- å styrke KR som det ansvarlege, demokratiske og sentrale styringsorganet i Den norske kyrkja, med overordna ansvar også for at det er lagt til rette for det økumeniske og internasjonale arbeidet i Den norske kyrkja

2. MKR i kyrkjestructuren

Mellomkyrkjeleg råd var først (frå 1953) eit Mellomkirkelig institutt underlagt Bispermøtet, for å ivareta dei økumeniske spørsmåla i Dnk, leia av Oslo biskop, med eit styre samansett for å gje fagleg kompetanse og ei viss kyrkjeleg breidde. Sidan starten av syttitalet (før Kyrkjerådet vart oppretta) har det vore Mellomkyrkjeleg råd, med brei representasjon frå alle bispedømme i tillegg til ein del ex-officio medlemer. Ved opprettinga av Kyrkjemøtet 1984 vart Mellomkyrkjeleg råd lagt inn under KM, med mandat frå KM. I Kyrkjelova frå 1996 har MKR (utan nemning spesielt) status som "råd og utvalg" oppnemnd av KM for å ivareta KM sitt mandat (§24 femte ledd).

Det har i ulike fasar i utviklinga av den sentralkyrkjelege rådsstrukturen etter krigen vore tydeleg behov for eit eige organ som handterte dei økumeniske sakene, og som etter kvart tok opp dei mange påtrengjande internasjonale politiske sakene kyrkja måtte ta opp. Å få alle bispedømme representerte i rådet var viktig i ei tid då det var om å gjere å gje dette arbeidet god forankring i heile kyrkja, før ein hadde både Kyrkjeråd og Kyrkjemøte. Tilknyttinga til Kyrkjemøtet i 1984 understreka at KM har det overordna ansvaret for dei sakene som ligg i MKR sitt mandat, og forankra desse sakene enno tydelegare i det øvste styrande organet i kyrkja. Samanslåinga av MKR og KR sine sekretariat i 1992 var nødvendig av økonomiske grunnar, men understreka også at MKR, KR og SKR sine arbeidsfelt heng saman. KR har fått ansvar for MKR sin økonomi og personell, og saker til KM går via KR frå MKR. KR godkjenner MKR sine årsplanar og årsrapportar. Slik sett handlar desse forslaga om å fullføre ein prosess som starta i 1992.

Mellomkyrkjeleg råd har mandat frå Kyrkjemøtet til å ivareta og fremje Den norske kyrkja sitt økumeniske og internasjonale engasjement på vegner av heile kyrkja. Det er også eit mandat til å fremje økumeniske og internasjonale perspektiv innover i Den norske kyrkja. For å fylle mandatet må rådet ha

- a) tilstrekkeleg kompetanse

- b) tilstrekkeleg plassering i kyrkjestructuren for å ha legitimitet og gjennomslag
- c) tilstrekkeleg ressursar i sekretariatet, personell og økonomi.

Det er eit mål for dei forslaga som her vert sette fram, at ein totalt sett søker å oppnå meir slagkraft i den sentralkyrkjelege strukturen, slik at organa enno betre kan fylle sine oppgåver. Ved fleire høve er det peikt på at to breie, demokratiske sentralkyrkjelege organ med full dekning frå alle bispedømme er ein dublett og eit nokså omfattande apparat. Det skaper ein noko uklar profil på forholdet mellom råda. Det er fleire grunnar til ei forenkling.

Det er viktig å styrke Kyrkjerådet sin profil som styrande organ i kyrkja, med ansvar for heilskapen og for heilskapleg planlegging og strategisk tenking. Dei fleste saker i kyrkja i dag har nytte av eller direkte kopling til økumeniske og internasjonale perspektiv. Ein kan lære noko av andre kyrkjer i dei fleste saker. Den demokratiske legitimitet og forankring i kyrkjestructuren for MKR sitt arbeid er sikra gjennom oppnemning av KM og rapportering til KR og KM.

Samstundes er det viktig at MKR kan fylle si rolle som eit organ med spesielt fagleg ansvar så godt som råd. Difor kan det vere viktigare å legge meir vekt på fagleg tyngde og profilering i samansetjinga i MKR enn demokratisk, kyrkjepolitisk og geografisk breidde, noko som er svært viktig i samansetjinga av KR. Det er i dag tatt omsyn til både breidde (geografisk, organisasjoner, alder, kjønn) og spesialkompetanse i samansetjinga av MKR. Spørsmålet er om det er klokt å justere profilen noko. Det som talar for ei spissing av profilen på kompetanse, er at Kyrkjerådet er - og meir og meir skal vere - det demokratiske styringsorganet i kyrkja mellom Kyrkjemøta, og at dei andre organa ein har ved sida av Kyrkjerådet, skal ivareta særskilde sider av KM sitt mandat. I desse andre organa er det då viktig å ha kompetanse ein ikkje har i Kyrkjerådet, og at dei kan bidra maksimalt med kompetanse, strategisk tenking og rådgjeving på sitt felt overfor sekretariat og andre organ, både Kyrkjeråd, Bispemøtet og regionale og lokale organ i kyrkja. Det gjeld også i høve til andre organisasjoner i kyrkja.

Difor er det grunn til å spørje om det er nødvendig at alle bispedømma må vere representerte i MKR når KR er sett saman nettopp for å sikre det. Den breie samansetjinga sikrar at mange deltek i prosessar og vedtak og til ei rekruttering til økumenisk arbeid. Ein har fått inn mykje kompetanse i rådet, og arbeidet i seg sjølv har gjeve kompetanse. På den andre sida kan ein sikre ei viss breidde og ein kan leggje vekt på aldersspreiing og kjønnsbalanse med andre grep enn dei ein har i dagens ordning. Det kan vere oppnåeleg ved at det ved nominasjon vert sett opp ei felles, samla liste over kandidatar – utan at ein er bunden til forslaga frå bispedømma. Ein kan framleis be om forslag frå bispedømma til MKR.

Vidare kan ein drøfte korleis ein best kan utnytte den kompetansen ein har hjå dei som representerer Den norske kyrkja i økumeniske organ. Det er grunn til å ønske at dei i større grad enn i dag utgjer ein kjerne – og ikkje vert oppfatta som eit tillegg - i Mellomkyrkjeleg råd. Deira arbeid i MKR skal gje impulsar, dei kan der drøfte sine strategiar i sine verv, for å samordne sine oppgåver og for å få koordinert det dei gjer ute med det som skjer "heime". Nettopp vurderingane i MKR skal vere utgangspunktet for det dei gjer i sine verv. Det fordrar på si side at det er kompetanse og tid i MKR sitt arbeid til å gje dei vurderingane som trengst.

Ein må spørje kva relasjonar mellom MKR og andre organ ein bør sikre vert ivaretatt. Fyrst og fremst gjeld det korleis MKR sitt mandat og perspektiv kan verte heile kyrkja til del. Det er då eit spørsmål om korleis koplinga til KR og Bispemøtet kan vere så sterk som råd. Det er difor grunn til å vurdere om det ikkje skal vere leiar i MKR som er linken til KR, for dermed å sikre at vedkomande som sit i begge råd er svært godt inne i dei økumenisk og

internasjonale spørsmåla. At ein biskop deltek er alt på plass. Ein kunne drøfte om det burde vere preses, for å styrke preses si rolle og kompetanse med å fremje Den norske kyrkja sine saker i økumeniske og internasjonale spørsmål. Fordi preses er medlem av KR, kan det likevel vere mest hensiktsmessig at ein annan biskop har denne rolla – for å få større breidde i kompetansen og i fordelinga av oppgåver.

Slagkrafta til KR som styringsorgan heng saman med at det er tydeleg kven som har denne rolla, og at KR får det nødvendige tilfang av impulsar og råd frå andre instansar, og at andre organ fyller rollene som KR legg til rette for.

Mellomkyrkjeleg råd bør koordinere kontakten med hovudsamarbeidspartnarar for Den norske kyrkja på det økumeniske og internasjonale feltet i kyrkja. Det er difor grunn til å halde fram med at Kirkens Nødhjelp er representerte irådet, som ein hovudaktør i internasjonal diakoni overfor søsterkyrkjer og økumeniske organisasjonar.

Misjonsorganisasjonar som på særleg måte ivaretok kontakt med systerkyrkjer og samarbeid om felles oppdrag, kan også vere representerte i MKR. Ein kan t.d. vurdere å invitere NMS til å vere representerte, men då som ein av dei 5 oppnemnde av KM.

Når det gjeld kontakten mellom MKR sitt arbeid og ansvarsfelt og bispedømma, andre organisasjonar og lokale/regionale kontaktar, er det grunn til å sjå på korleis ein kan sikre at sekretariatet har ein gjennomførbar plan for slik verksem. Det er lettare å setje opp spesielle planar for det enn at dei valde medlemene skal ha oppfølgingsansvar i så måte, særleg når dei ikkje er medlemer av bispedømmeråda.

3. Alternative modellar

I hovudsak er det to modellar for samansetjing av MKR som gir seg i dette perspektivet. Den eine er ei vidareføring av dagens modell (med nokre justeringar), den andre siktar på ei forenkling og spissing av kompetansen irådet.

I begge modellar foreslår ein at leiarane i MKR og SKR vert medlemer av Kyrkjerådet.

a) Dagens modell

Denne modellen byggjer på delvis gjennomgåande representasjon frå bispedømmeråda (minst 5 i MKR er medlemer av BDR), delvis samansetjing på forslag bispedømma melder inn. I tillegg har ein nemndleiarar, representantar for BM og KN, samt representantar i dei styrande organ i dei økumeniske organisasjonar, og eitt medlem er vald på særlege premissar, i dag 19 medlemer. Det vert eit stort organ med blanding av demokratisk styringsoppdrag og kompetanseorgan. Dette gir stor breidde i tilgang på kompetanse og nettverk, med høve til rekruttering og kompetansebygging hjå mange. Det gir nokså stor skilnad i kompetanseform og kompetansenivå irådet, noko som kan, men må ikkje, skape eit visst etterhald i samtalene når rådet skal framstå eller opptre som kompetanseorgan. Kor vidt dette sikrar stabil kontakt mellom MKR og bispedømma og bispedømmeråda, er noko tilfeldig.

Representasjon frå BM er på plass. Frå KR er eit medlem valt av KR for å representera KR i MKR. Det gir god kopling mellom KR og MKR, men det er uavklart kor mykje styringsansvar MKR har. T.d. i økonomi og personalspørsmål har MKR ikkje lenger sjølvstendig styringsansvar. Dette ansvaret ligg no til KR.

Leiaren i MKR er meir sjølvstendig i denne modellen andsynes KR, og har kanskje meir høve til å konsentrere seg om dei økumeniske spørsmåla.

b) Ny modell

Hovudprofilen i denne modellen er større vekt på kompetanse i samansetjinga, tydelegare kopling til KR som gjer at KR får meir input frå MKR i alle saker og med tydlegare profil som rådgjevingsorgan enn styringsorgan.

Ein ny måte å setje saman MKR på vil t.d. vere:

3 representantar som er valde til dei økumeniske organisasjonane, ein representant frå BM, 5 oppnemnde av KM, ein representant (helst generalsekretæren) frå KN, til saman 10 medlemer.

Dette ville vere eit MKR som kan ha meir fokus på spesialkompetanse og gå enno djupare inn i t.d. vurderingar av kva som skjer i økumeniske organisasjonar. Dersom ein styrkjer profilen på MKR som eit fagleg rådgjevingsorgan, kan sakspapir meir vurderast som ressurspapir enn noko medlemene totalt sett må ta stilling til i alle saker. Difor kan ein både gje meir spesaldokumentasjon og mindre utfyllande sakspapir, og basere meir på drøftingar i sjølve rådet med innlegg frå medlemene. Dette organet må ha same ansvar som før i høve til å vere representative i høve til Dnk sin profil.

Leiaren i MKR vert i denne modellen MKR sitt medlem av KR, og sikrar at KR tek stilling til dei hovudperspektiva som MKR arbeider fram. Det vert lettare for KR å sjå sakene i eit større mellomkyrkjeleg og internasjonalt perspektiv med ei slik ordning. Ei tilsvarende ordning vert foreslått for Samisk kyrkjeråd sin leiar.

4. Konkrete endringar

Ved modell b) vert det nødvendig å endre noko i lov om Den norske kyrkja, Reglar for val av Kyrkjeråd og i Statuttar for Mellomkyrkjeleg råd.

1. Vedlagt fylgjer eit førebels utkast til nye statuttar for Mellomkyrkjeleg råd. Sekretariatet treng meir tid til å lage eitendeleg forslag. Ein foreslår difor at ansvaret for å godkjenne forslaget til dei nye statuttane vert delegert til MKR/AU.
2. Kyrkjelova §25 om val og samansetjing av Kyrkjeråd.

Den nemnte endringa til at leiar av MKR vert medlem i Kyrkjerådet, krev følgjande endring:

Tillegg i Kl § 25 (1): "Ved siden av de foran nevnte medlemmer skal rådet ha som medlem en biskop med varamedlem, valgt av Bispekonferansen, leder av Mellomkirkeleg råd, med varamedlem og leder av Samisk kirkeråd, med varamedlem."

3. Reglane om val av Kyrkjeråd
§ 1. Ordlyden endrast slik at han tilsvrar kl § 25.

Det må det gjerast vedtak på KM 2005 for at det eventuelt skal gjelde nominasjonen i 2006. I tillegg må ein fremje lovendring om samansetjing av KR overfor departementet.

Statutter for Mellomkirkelig råd

Forslag til reviderte statutter 300805

Vedtatt av Kirkemøtet 1985 (KM 23/85). Sist endret 17. november 2001.

§ 1. Mellomkirkelig råd for Den norske kirke (Rådet) er Kirkemøtets og Kirkerådets organ for mellomkirkelige og internasjonale spørsmål. Rådet er opprettet som et utvalg i medhold av Kirkeordningslovens § 54, siste ledd.¹

§ 2. Rådet har som oppgave :

- a. Å samordne og fremme kontakten mellom Den norske kirke og kirker i andre land, og ivareta forbindelsen med Kirkenes Verdensråd og andre internasjonale kirkelige organer hvor Den norske kirke er medlem.
- b. Å fungere som Den norske kirkes del av nasjonalkomiteen for Det lutherske verdensforbund.
- c. Å samordne og fremme Den norske kirkes kontakt med andre kirker i Norge, bl.a. gjennom Norges kristne råd
- d. Å bearbeide de teologiske og sosial-etiske spørsmål som Den norske kirke møter i det økumeniske arbeid og avgjøre uttalelser som rådet selv står for, eller forberede uttalelser for Kirkemøtet.
- e. Å fremme økumenisk kunnskap og engasjement i Den norske kirkes menigheter, og bistå ved opprettelsen av lokale felleskirkelige råd.

§ 3. Rådet skal gjennom Kirkerådet legge frem for Kirkemøtet:

- a. Årsmelding og planer for arbeidet framover til godkjennning.
- b. Forslag til delegater til generalforsamlinger i de mellomkirkelige organer hvor Den norske kirke er medlem, og til forhandlinger hvor Den norske kirke offisielt er representert.
- c. Forslag til kandidater til de styrende organer i de internasjonale økumeniske Organisasjoner hvor Den norske kirke er medlem.

§ 4. Rådet

- a. oppnevner representanter for Den norske kirke til internasjonale konferanser som ikke omfattes av § 3 c og d,
- b. er behjelpeelig med saksforberedelser for Den norske kirkes representanter til økumeniske møter,
- c. kan oppnevne underutvalg til å utføre særskilte oppgaver,
- d. utarbeider årlige planer for virksomheten,
- e. (utgår)
- f. utfører oppgaver som pålegges av Kirkemøtet og Kirkerådet.

§ 5. Rådet består av :

- a. 5 representanter valgt av Kirkemøtet. For hver av representantene velges en vararepresentant.

Representantene velges for fire år av gangen med mulighet til gjenoppnevning én gang.

Når Kirkemøtet oppnevner representanter til Rådet, må det sørge for at begge kjønn blir godt representert og at det er spredning i alder.

- b. En biskop oppnevnt av Bispedømmet. For denne representant velges en vararepresentant.

c. (En representant for Kirkerådet, valgt av Kirkerådet. For denne representant velges en vararepresentant.) utgår

- d. Den norske kirkes medlem av LVF's råd.

e. Den norske kirkes medlem av Kirkenes Verdensråds sentralkomite.

f. Den norske kirkes medlem i sentralstyret for Konferansen av europeiske kirker.

g. En representant for styret i Kirkens Nødhjelp, valgt av dette styret. For denne representant

¹ Nå kirkeloven § 24, femte ledd

velges en vararepresentant.

h. (Et medlem med varamedlem valgt på fritt grunnlag av Kirkemøtet.) Utgår
Ledere i faste underutvalg møter i Rådet.

Rådet skal ha minst to møter årlig.

§ 6. Kirkemøtet velger leder blant Rådets medlemmer for en periode på to år. Leder kan
gjenvelges. Kirkemøtets valgkomite forbereder og gjennomfører valget av leder midt i
valgperioden. Rådet velger selv nestleder for en periode på to år.

Lederen skal være medlem av Kirkerådet.

§ 7. Rådet skal ha et arbeidsutvalg som består av leder, nestleder, samt éit medlem med en
vararepresentant. Vararepresentant innkalles alltid.

Bispemøtets representant i Rådet skal være ett av de tre medlemmer.

Arbeidsutvalget forbereder Rådets møter og treffer avgjørelser i de saker Rådet bestemmer.

§ 8. Kirkerådet tilsetter generalsekretær som daglig leder av Rådets arbeid og det øvrige
personale etter innstilling fra Rådet. (Rådet vedtar instruks for generalsekretær og øvrig
personale. utgår)

§ 9. Endringer i Rådets statutter foretas av Kirkemøtet etter innstilling fra Rådet og Kirkerådet.